

Månad: april 2020

AKTIVITET

Psykisk helsevern	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
Tal heildøgnsopphald	1 087	1 584	-497	1 588	-501	5 649	6 390	-741	6 303	-654
Tal utskrivne pasientar	78	91	-13	80	-2	370	358	12	335	35
Poliklinisk dagbehandling	9	9	0	21	-12	83	33	50	91	-8
Polikliniske kons. m/refusjon	1 985	2 085	-100	2 119	-134	8 699	9 419	-720	8 950	-251
Rus										
Tal heildøgnsopphald	273	622	-349	561	-288	1 849	2 453	-604	2 289	-440
Tal utskrivne pasientar	5	17	-12	19	-14	64	83	-19	80	-16
Polikliniske kons. m/refusjon	206	251	-45	203	3	957	1 189	-232	990	-33
Psykisk helsevern barn og unge										
Tal heildøgnsopphald UPH	87	117	-30	98	-11	535	467	68	364	171
Tal utskrivne pasientar UPH	9	7	2	6	3	28	30	-2	18	10
Polikliniske kons. m/refusjon	1 356	1 467	-111	1 497	-141	6 200	7 027	-827	6 709	-509

Psykisk helsevern (PHV) for vaksne (VOP/TSB)


Aktiviteten innan PHV for vaksne i perioden har vore lågare enn budsjett. Årsaka er i hovudsak færre pasientar som følgje av karantenerreglar i samband med koronaviruset. Sett i lys av dette er det svært god aktivitet, med 95 prosent planlagd poliklinisk aktivitet for vaksne og 92,5 prosent for born og unge. Mykje av aktiviteten har vore på telefon og video. Beleggsprosenten på dei distriktpsikiatriske sentera (DPS) er 52 prosent i snitt. Dette er som følgje av planlagt reduksjon for å ha kapasitet til å handtere pasientar med Covid-19 i døgnsesjonane. Akuttposten hadde 70 prosent belegg i perioden. Poliklinisk aktivitet har vore god, men mykje er gjennomført per telefon eller video.

Også innanfor tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) har vi tatt ned belegget ved døgnpastane. Akkumulert ligg vi ein del bak både budsjett og fjoråret. Gjennomsnittleg beleggsprosent på ruspostane var 45 prosent i perioden.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten i perioden har vore om lag som plan. 48 prosent belegg ved ungdomsavdeling for psykiske helsevern (UPH) i perioden.

Beleggsprosent døgnsesjonar



Beleggsprosenten i perioden er 52 prosent i snitt på DPS og 45 prosent på ruspostane. UPH hadde eit belegg på 48 prosent i perioden. Akuttposten hadde eit belegg på 70 prosent. Som følgje av førebuing og tilpassing for å kunne ta i vare pasientar med Covid-19 smitte i døgnseksjonar, har nokre elektive døgnopphald blitt utsett etter medisinskfageleg vurdering. Nokre pasientar har sjølv vald å utsetje døgnbehandlninga.

ØKONOMI

Psykisk helsevern	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Basisramme	33 004	33 004	0	130 347	130 347	0
ISF egne pasientar	2 408	2 597	-189	10 060	12 167	-2 107
Gjestepasientar	621	513	108	2 566	2 052	514
Polikniske inntekter	19	18	1	76	84	-8
Andre øymerka tilskot	611	579	32	2 629	2 495	134
Andre driftsinntekter	867	904	-37	3 662	3 596	65
Sum driftsinntekter	37 531	37 616	-85	149 340	150 742	-1 402
Kjøp av offentlege helsetenester	1 824	2 282	-457	6 486	9 127	-2 641
Kjøp av private helsetenester	315	230	-85	1 723	920	-803
Varekostnader knytt til aktivitet	428	400	-28	1 737	1 715	-22
Innleige av personell	1 133	863	-270	5 673	3 374	-2 299
Løn til fast tilsette	24 330	25 137	-806	97 836	100 720	-2 884
Overtid og ekstrahjelp	789	583	-206	2 900	2 330	-569
Pensjon inkl. arbeidsgjevaravgift	4 266	4 266	0	17 065	17 065	0
Offentlege tilskot og refusjonar vedr. arbeidskraft	-1 807	-983	-824	-4 964	-3 931	-1 033
Anna løn	3 575	3 556	-19	13 890	14 318	-428
Andre driftskostnader	2 602	2 849	-246	10 932	11 364	-432
Sum driftskostnader	37 456	39 181	1 725	153 278	157 003	3 725
Driftsresultat	75	-1 565	1 640	-3 938	-6 262	2 323

Denne perioden:

Totale inntekter i perioden er 0,1 mill. lågare enn budsjett.

I perioden hadde vi moderate kostnader til kjøp av ordinære behandlingsslassar i andre føretak. Vi betaler no for to tryggleiksplassar i andre føretak, og samla sett er kostnaden i perioden 0,4 mill. lågare enn budsjett.

Personalkostnadene er 1,1 mill. lågare enn budsjett. Noko av forklaringa er kortare arbeidsgjevarperiode ved sjukefråvær i tillegg til vakante stillingar.

Sum driftskostnader er 1,7 mill. lågare enn budsjett, og bokført resultat i perioden er 1,6 mill. betre enn budsjett. Vi har bokført korrigering av for låge inntekter i februar og april med 0,6 mill. i perioden.

Til no i år:

Bokførte inntekter er 1,4 mill. lågare enn budsjett. Vi har lågare ISF-inntekt enn budsjett, men inntekter for behandling av pasientar frå andre regionar er høgare enn budsjett. Aktivitetsbaserte inntekter er likevel samla sett lågare enn budsjett. Hovudårsaka til dette er lågare aktivitet som følgje av smitteverntiltak knytt til Covid-19.

Totale driftskostnader er 3,7 mill. lågare enn budsjett til no i år. Kostnader til kjøp av behandlingsplassar i andre regionar har vore 1,8 mill. lågare enn plan så langt, og personalkostnadene er til no 1,5 mill. lågare enn budsjettet.

Resultatet hittil i år er 2,3 mill. betre enn budsjett.


Prognose for 2020:

Psykisk helsevern	Budsjett 2020	Prognose 2020	Endring P20 - B20
Basisramme	- 385 350	- 385 360	- 10
ISF egne pasienter	- 32 400	- 28 570	3 830
Gjestepasientinntekter	- 6 156	- 6 680	- 524
Polikliniske inntekter	- 231	- 140	91
Andre øyremerka tilskot	- 8 686	- 8 966	- 280
Andre driftsinntekter	- 9 827	- 8 535	1 292
Sum driftsinntekter	- 442 650	- 438 251	4 399
Kjøp av offentlege helsetenester	27 224	22 730	- 4 494
Kjøp av private helsetenester	2 760	4 200	1 440
Varekost	4 081	4 030	- 51
Innleigd arbeidskraft	9 754	11 630	1 876
Løn til tilsette	295 502	290 926	- 4 576
Overtid og ekstrahjelp	6 915	6 622	- 293
Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevaravgift	51 400	51 400	
Off tilskot og refusjonar vedr arbeidskraft	- 11 844	- 12 020	- 176
Anna løn	40 671	39 853	- 818
Andre driftskostnader	35 012	34 205	- 807
Sum driftskostnader	461 475	453 576	- 7 899
Driftsresultat	18 825	15 325	- 3 500

- Risiko for lågare aktivitetsbaserte inntekter.
- Truleg låge gjestepasientkostnader.
- Ein del meir innleige av legar.
- Lågare personalkostnader.


MEDARBEIDARAR

Månadsverk:



Gjennomsnittleg tal brutto månadsverk siste 12 månader er 429. For eitt år sidan var dette talet 419. Årsaka til auken i årsverk er at vi hadde høgare tal vakansar tidlegare, noko som også resulterte i at vi brukte mindre pengar enn budsjett.


Sjukefråvær:




Sjukefråværet var 9,7 prosent i februar mot 7,6 prosent i same periode førre år.

Gjennomsnittleg sjukefråvær siste 12 månader var 7,8 prosent. For eitt år sidan var dette talet 6,6 prosent.

KVALITET Epikrise



I april var 90 prosent av epikrisane sende innan sju dagar.




I april var 39 prosent av epikrisane sende innan ein dag.

Korridorpasientar

Det er ikkje registrert korridorpasientar i april 2020.

Ventetid for ventande ved slutten av perioden




Periode	Ventetid
2019-apr	25
2019-mai	20
2019-jun	21
2019-jul	32
2019-aug	27
2019-sep	16
2019-okt	19
2019-nov	17
2019-des	28
2020-jan	22
2020-feb	18
2020-mar	29
2020-apr	34

Det er 125 pasientar som ventar på behandling ved utløpet av perioden. Dei har i snitt venta i 34 dagar.

I same periode i 2019 var det 143 pasientar som venta på behandling. Gjennomsnittleg ventetid var då 25 dagar.

Ventetid der behandling er starta i perioden



Periode	Ventetid
2019-apr	30
2019-mai	31
2019-jun	31
2019-jul	32
2019-aug	39
2019-sep	34
2019-okt	25
2019-nov	26
2019-des	28
2020-jan	38
2020-feb	32
2020-mar	26
2020-apr	36

Dei 89 pasientane som fekk starta behandling i perioden, venta i snitt 36 dagar før behandlinga starta.

I same periode i 2019 var det 145 pasientar som hadde gjennomsnittleg ventetid på 30 dagar før dei fekk starta si behandling.

Fristbrot

Eining med fristbrot	For ventande ved perodeslutt
	Pasientar
Psykisk Helsevern Barn og Unge	1
Indre Sogn Psykiatrisenter	0
Nordfjord Psykiatrisenter	0
Psykiatrisk klinikk	1

To fristbrot i april som følgje av utsette avtalar på grunn av smitteverntiltak.